
Fra: Post Kulturskolen Radøy
Sendt: 25. mars 2014 15:35
Til: Kjersti Flatråker
Kopi: Jarnfrid Gunnarson
Emne: SV: Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020 - høyring

Hei!

Mykje bra her!

Merknad til trafikksikringsplanen

Fortau frå kyrkja til oppkøyrsel Hesthaugen på Manger.

For å få ein betre heilskap og ei betre trafikkløysing, spesielt i høve til forgjengarane, burde det vore eit fortau frå buss-stoppet ved Hesthaugen og bort til Manger kyrkje. Det nye feltet på Hesthaugen, gjer at trafikken har auka både med meir biltrafikk og fleire fotgjengarar. Også av den grunn er det viktig å leggja den auka trafikken til rette spesielt for fotgjengarane.

Voner ein kan få til dette, med minnelege løysingar med dei tre grunneigarene, og med leiinga i bedehuset.

Ps;

Ågot Morken som bur like ved, fortalde at ho let vera å planta hekk ved veggen på eigedomen sin, for det skulle koma fortau der!.. Dette er lenge sidan, og mykje har endra seg, men det viser at dette har vore tenkt på det tidlegare og. Like etter at eg flytta til Manger på midten av 90-talet, skreiv eg eit brev til kommunen om trong for fotgjengarfelt og fortau, men eg fekk ikkje svar.

Dette ville skapt ein betre heilskap på mange måtar i Manger senter.

Mvh

Jarnfrid Gunnarson
Hesthaugen 13
5936 Manger

Fra: Kjersti Flatråker
Sendt: 24. mars 2014 13:47
Til: Post Austebygd Skule; Post Hordabø Skule; Post Kulturskolen Radøy; Post Manger Skule; Post Radøy Ungdomsskule; Post Sæbø skule; Gro Håland; Tony Vetaas; Rita Amundsen
Emne: Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020 - høyring

Trafikksikringsplan for Radøy – høyring og offentleg ettersyn

Radøy formannsskap har i møte 20.02.2014 vedteke at framlegg til revidert trafikksikringsplan skal leggjast ut til offentleg høyring og sendast ut på ettersyn jfr. plan- og bygningslova § 11-14.

Planen er lagt ut på kultur- og sørvistorget, Rådhuset og i planarkivet til kommunen på nett:
<http://www.geoweb.no/braplan/> PlanID 12602014000400.

Framlegget vert sendt ut til skular, barnehagar, lag og organisasjonar.

Ope kontordag på Rådhuset torsdag 27. mars kl 14-18.

Merknader til planframlegget kan rettast til Radøy kommune innan 15.05.2014.

frå

Kjersti Flatråker

arealplanleggjar

Radøy kommune - Radøyvegen 1690 - 5634 Manger – Telefon 56349058